

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Perdy Hesjevoll
Arkivsaksnr.: 21/426-11

Arkiv: 223 C5

Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturminnevern.

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune vedtek at følgjande vert innvilga tilskot til kulturminnevern for 2021:

- Luster sogelag får eit tilsegn til til å restaurere «nyeløa» på husmannsplassen Hestaskårane i Luster på kr 45 000.
- Stiftinga Ormelid får eit tilsegn til restaurering av uteløe på Nedstestølen, Ormelid på kr 40 000.
- Hafslo sogelag får eit tilsegn til piperehabilitering på husmannsplassen Fluga, Hafslo på kr 14 000.

Løyvingane vert utbetalt mot framlagt rapport med rekneskap.

Budsjettpost 14709 108 36501 «tilskot til kulturminnevern»

Rapporteringsfrist 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt etter den fristen.

Om det kjem inn fleire søknader i 2021, blir desse handsama etter delegert fullmakt av rådmannen.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 - 2022

Uprenta vedlegg: Søknader med vedlegg

Samandrag:

Det er kome inn tre søknader om tilskot til kulturminnevern innan søknadsfristen 1. mars. Punkt 7c i reglement for tilskot til kulturføremål 2019-2022 omhandlar denne type søknader.

Utval som har vedtaksmynde: Plan- og forvaltningsutvalet Eventuelle søknader som kjem inn seinare i år, blir tildelt administrativt av rådmannen.

Fakta:

Budsjettet for 2021 er på kr 113 000

Det har komme inn følgjande søknader:

Søkjjar og prosjekttomtale	Budsjett	Søknadssum og tilråding
Luster sogelag søkjer om tilskot til å restaurere «nyeløa» på husmannsplassen Hestaskårane i Luster. Alder er uviss, men namnet indikerer at løa er nyare enn låven.	Budsjettet er på kr 570 000 Søknad til Vestland f.k. på kr 210 000, er under hand-saming. Det er også søkt om midlar frå private fond og frå Kulturminnefondet.	Søknadssum er på kr 45 000. Rådmannen tilrår eit tilskot på kr 45 000 .
Stiftinga Ormelid gard søkjer om tilskot til restaurering av uteløe på Nedstestølen, Ormeli	Budsjettet er kr 725 000. Søknad til Vestland f.k. på kr 285 000, er under hand-saming. Det er søkt midlar frå kulturminnefondet.	Søknadssum er på kr 40 000. Rådmannen tilrår eit tilskot på kr 40 000 .
Hafslo sogelag søkjer om tilskot til piperehabilitering på husmannsplassen Fluga, Hafslo. Søkjjar fekk innvilga kr 16 000 til tiltaket nga i 2020 og søkjer no om å få dekkja resten av utgiftene.	Utgifter på kr 47 575 der Luster kommune i 2020 innvilga kr 16 000 i tilskot. Pipa var brannfarleg og kunne ikkje nyttast.	Søknadssum er på kr 31 575. Rådmannen tilrår eit tilskot på kr 14 000 .

Vurdering:

Søknadane for 2021 omfattar ei vidareføring av det tekniske kulturminnevern-arbeidet og den aktiviteten som er knytt til bruk av miljøa på og i kring Hestaskårane i Luster, Ormelid i Fortun og Fluga på Hafslo. Rådmannen vurderer desse tiltaka som viktige for den vidare satsinga på kulturminnevernet i Luster kommune.

Om det kjem fleire søknader i 2021, blir desse handsama etter delegert fullmakt av rådmannen.

Dato: 25.03.21

Jarle Skartun

Erling Bjørnetun

rádmann

kultursjef

Særutskrift skal sendast: søkjarane